


ORGANISASJONSPLAN -



ÅRSMØTE -

Årsmøtet er høgaste organet i Valldal Idrettslag. Det skal haldast innan utgangen av mars og skal gjennomførast i samsvar med Valldal IL si lov

Årsmøte skal handsame følgjande –

- årsmelding
- rekneskap
- budsjett-arbeidsplan
- medlemskontingent
- laget sin organisasjon
- innmeldte saker
- val av
 - styre
 - varamedlemmar
 - revisorar
 - valnemnd med tre medlemmar med funksjonstid tre år
 - representasjon
 - idrettsrådet sitt årsmøte
 - gruppestyrer

STYRET -

Laget skal organiserast med eit styre som består av

- leiar valperiode eit år
 - nestleiar valperiode to år
 - tre styremedlemmar med følgjande funksjonar valperiode to år
 - kasserar
 - skrivar
 - styremedlem - husansvarleg

Funksjonar vert ikkje fordelt/valgt på årsmøtet utanom nestleiar og nestleiar. Kjønnsskvotering i styret i samsvar med idrettslaget si lov.

1. varamedlem skal alltid kallast inn til styremøte.

I styret sit også leiar i dei gruppene som årsmøtet til ei kvar tid har vedteke å opprette. Gruppene kan vere knytt til særforbund laget er medlem i.

GRUPPER -

Kvar gruppe skal ha eit eige styre med minst tre medlemmar, der følgjande funksjonar/oppgåver vert ivaretake-

- leiar
 - nestleiar
 - kasserar
 - matrialsansvarleg

Gruppestyret skal veljast av årsmøtet i Valldal IL etter innstilling frå gruppeårsmøtet. Framleggvet vert oversendt valnemnda som skal legge fram innstilling på kandidatar til alle tillitsverv som skal veljast på årsmøtet.

Medlemane i gruppestyret skal ha funksjonstid på to år, der to er på val eit år og ein er på val påfølgjande år. Mellom styremedlemane vert gruppeleiar vald for eit år. Krav om kjønnsvotering i idrettslaget si lov gield også for gruppestyra.

Gruppene bør ha ei eiga valnemnd som kjem med framlegg til kandidatar til styret.

GRUPPEÅRSMØTER -

Før årsmøtet skal kvar gruppe gjennomføre sine årsmøte som behandler

- årsmelding for gruppa
 - årsrekneskap for gruppa
 - budsjett for komande år
 - arbeidsplan for komande år
 - val/innstilling av gruppestyre

Etter handsaming på gruppearsmøtet vert dette sendt over til styret i Valldal IL og inngår i samla årsmelding, rekneskap, budsjett og arbeidsplan for Valldal IL. Styret i Valldal IL legg dette fram for årsmøtet til endeleg godkjenning.

Gruppene gjennomfører sine årsmøter seinast 1 veke før årsmøtet i Valldal IL, slik at styret kan utarbeide fullstendig sakliste og andre saksdokument med framlegg til vedtak.

BUDSJETT – REKNESKAP

Budsjett vedteke av årsmøtet er forpliktande for drifta av heile laget. Gruppene skal halde seg innanfor sine godkjente budsjett. Dette er ein viktig reiskap for å styre økonomien i laget.

Det skal leggast fram halvårsrapport/-rekneskap for styret. I samband med dette skal gruppene vurdere/kommentere sin økonomiske situasjon.

Utover vedteke budsjett har styret følgjande økonomiske fullmakter –

- godkjenne ekstra kostnader i gruppene i høve til gruppa sitt budsjett til enkeltståande prosjekt på kr 50.000
- godkjenne ekstra kostnader som ikkje er budsjettert til enkeltståande prosjekt på kr 150.000. Dette er totale kostnader som også kan fordelast på gruppene.
- Ved bruk av desse rammene skal det gjerast ei vurdering av at økonomien i laget tillet slike ekstra kostnader.
- Prosjekt med kostnader utover kr 150.000 som ikkje er budsjettert, skal leggast fram for årsmøte/ekstraordinært årsmøte til godkjenning

Stadfesta på årsmøtet 2017